

Trong for meir vegljøs på Kjærlandssido

23.04.2013



På denne strekninga trengs det meir ljøs. Foto:Ola Matti Mathisen

Uskedal utvikling har no søkt kommunen om å få montert meir vegljøs på Kjærlandssido frå Leite og fram til gardsbarnehagen. Leiar Kristian Olav Bringedal bed kommunen finna ei praktisk løysing og henta inn pris frå Kvinnherad Energi. Han reknar med at ein kan nytta stolpar som alt står i traseen.

Dette er eit av tiltaka på UU sin handlingsplan for dette året.

Det manglar nokre punkt på denne strekninga og Bringedal syner og til søknad frå bondelaget om redusert fartsgrense på den same strekninga, Desse trafikkisikringstiltaka bør ein sjå i samanheng.

Av Ola Matti Mathisen